

Dato:	07.03.23	Møtedeltakarar: Jon Askeland, Marianne Chesak
Stad:	Digitalt	Administrasjon: Rune Haugsdal, Torill Hovdenak, Gunn Westad, Iver Jan Leren
Tidspkt.:	KI 0800-0900	Referent: Thorbjørn Aarethun
Saksnr.:		
	Næringsstrategien – ny prosjektleiar vart presentert innleiingsvis i møtet.	
11/23	Referat frå møte i AU, 020223 Referat godkjent utan merknader	
12/23	Uttale – InterReg-finansiering Framlagt uttale vart vedteke, med merknad om innkorting og vekt på budskapet i siste del av uttalen. Administrasjonen får fullmakt til å utarbeide revidert uttale for vidare ekspedering.	
13/23	Oppfølging Interreg-finansiering – samarbeidsinitiativ fra Østlandssamarbeidet AU stilte seg positiv til eit vidare samarbeid med Østlandssamarbeidet om eit møte med politisk leiing i KDD om oppfølging av Interreg finansiering. Aktuelle møtedeltakarar frå Vestlandsrådet er fylkesordførarane Marianne Chesak og Jon Askeland.	
14/23	Uttale – forslag nytt inntektssystem Framlagt uttale vart vedteke utan merknader.	
15/23	Opplegg for møte i Vestlandsrådet, 11.april i Bergen Framlagte opplegg for møtet i Vestlandsrådet vart gjennomgått og avklart med følgjande endringar; <ul style="list-style-type: none"> • Prosjektet Framtidas hurtigbåtar blir lagt inn som ny orientering. • Orientering om klyngesamarbeid på Vestlandet (Energi Transition Norway, Stavanger, GCE Ocean, Bergen og ÅPK i Ålesund), utgår og det blir lagt opp til eit separat møte med næringsklyngene og fylkesordførarane med tilhøyrande administrasjon i samband med møtet i Vestlandsrådet. • Førebels einaste politiske sak vert innspel til NTP 2025-2036 • Referatsaker vert presentasjon av pilotprosjekt for klyngesamarbeid på Vestlandet, situasjonen rundt utflytting av statleg marin kompetanse i Bergen, og status/utfordringar for innføring av nye hurtigbåtar i vestlandsfylka. 	
16/23	Forankring av Vestlandsrådet i fylkestinga AU konkluderte med at det ikkje var grunnlag for å gå vidare med innhaldet i det framlagte drøftingsnotat, og gjere endringar i dagens praksis for informasjon og rapportering til fylkestinga.	
17/23	Vestlandsrådet på Arendalsveka AU gjekk inn for at ein av Vestland fylkeskommune sine reservasjonar på S/S Statsraad Lehmkul vert nytta til eit arrangement i regi av Vestlandsrådet.	

18/23**Neste møte i arbeidsutvalet**

Neste møte i AU vert 10.mai 2023, kl 0900-1000.